

PROTOKOLL**Møte i Representantskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS****Møte: 2-2016****Tid: Fredag 2. desember kl. 09:30 - 10:00****Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom**

Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy
Rådmenn:	Desse rådmennene møtte: Ørjan Raknes Forthun,
NUI:	Håkon Matre (styreleiar), Rune Heradstveit (dagleg leiar), Bent Gunnar Næss
Forfall:	Tom Kristian Thorsen

Sak 8/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 9/16	Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: Per Lerøy og Astrid Aarhus Byrknes vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 10/16	Godkjenning møteprotokoll Representantskapsmøte 1-2016 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskapsmøte 1-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 11/16	Orientering frå NUI Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for arbeidsoppgåver og prosjekt i NUI. Vedlagt fylgjer presentasjon. Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til etterretning.
Sak 12/16	Godkjenning budsjett 2017 for Nordhordland Utviklingsselskap IKS Styreleiar Håkon Matre la fram styret sitt forslag til budsjett for 2017. Styret godkjente budsjettet i styremøte 24. november 2016. Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak: <i>Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2017. NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå</i>

disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnadar for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner framlegget frå styret i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) til årsbudsjett for 2017.

NUI får generell løyve til å nytte inntil kr 1 000 000 frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. NUI får fullmakt til å setja i verk nye prosjekt eller auka opp eksisterande prosjekt dersom ein har ekstern finansiering utan at dette fører til ekstra kostnadar for kommunane. Dette vil i så tilfelle skje i tett dialog med styret og Regionrådet.

Knarvik, 2. desember 2016



Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Astrid Aarhus Byrknes
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Per Lerøy
Varamedlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 11/16. Status Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Sak 12/16. Budsjett 2017 Nordhordland Utviklingsselskap IKS